



Arkivfoto frå tildelinga av Frivilligprisen i Sunnhordland Prosti januar 2016.

Lufthamnsjef Jan Morten Myklebust frå Uskedalen er neste gjest i sofakroken med prostiprest Reidar Ådnanes i Nysæter kyrkje på Stord, tysdag 24. mars kl. 19.00. Samtalen vil ha tittelen Høgt og lågt - i medvind og motgang. Tidlegare sokneprest i Husnes/ Holmedal, Reidar Ådnanes, har som prostiprest gjennomført ei rekkje samtalar med profilerte personar i Sunnhordland.

Reidar Ådnanes fortel til Uskedalen.no at samtalen med Jan Morten Myklebust vil handla om bedriftshistorien til flyplassen på Sørstokken og hans rolle der. Ein vil koma litt innom påsketradisjonar frå hans oppvekst i Uskedalen, og kva tradisjonar han har no.

Og så blir det nok ein del om det samarbeidet han har hatt med kyrkja og andre i samband med dei to store ulukkene på Stord Lufthamn (1998 og 2006). Myklebust har før vore i Uskedalen med føredraget om ulukker og krisehandtering.

Samtalane i Nysæter kyrkje har vore svært ulike. Nokre gjester har snakka om oppvekst i Sagvåg og på Litlabø, om oppvekst i eit strengt kristent miljø og korleis det førte til avstand til den kristne tru, ein samtale med humoristen Åge Stokken og ein samtale med frelsessoldat Gunnar, som alle på Stord kjenner.

Målet er å skapa gode møteplassar i lokalsamfunnet, løfta fram ulike menneske sine livsfortellingar, gjera terskelen til kyrkja låg, seier Rediar Ådnanes.

På prostisamlinga i Sunnhordland i januar 2016 vart Jan Morten Myklebust tildelt Frivilligprisen av prost Svein Arne Theodorsen. Tema den gongen: Sterk tru på prosjektet.

På samlinga i Nysæter kyrkje, 24. mars kl. 19.00, vert det musikalsk innslag med Olav Fjell (trekkspel), Svein Losnegard (bass) og Ivar Solberg (gitar).

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal